

Konfirmantleir

Raknestunet 29. - 31.mars



**No er det ikkje lenge til me skal på leir!
Håpar de gler dykk!**

Dette er eit høgdepunkt i konfirmanttida og me ser fram til å få samanhengande tid i lag med dykk der det er rom for fine opplevingar saman. Me håpar på fine dagar saman, der me skal verte betre kjend med kvarandre, oss sjølve og Gud.

Motto for leiren:
Me er alle perler!

Og gjennom leiren skal me få desse perlene til å skinne ved at me seier fine ting til kvarandre, ser det beste i kvarandre og er ein del av eit større fellesskap, eit kristent fellesskap - ei perle i eit perlekjede.

REISE:

Fredag 29.mars

Ferje frå Fedje	kl. 14.40
Sævrøy	kl. 15.15
Mastrevik	kl. 15.25
Fonnes	kl. 15.40

Søndag 31.mars

Avreise frå Raknestunet kl. 14.00

TELEFON TIL HOVUDLEIARAR:

MIA K. ETOKEBE 91258364

JOSTEIN HAUGE 404 66 211

Ta med:

- ♣ Kristuskransen - perlekrans og boka "Skatten og perlene"
- ♣ Bibel
- ♣ Laken (nokre av sengene er 120 cm bredde)
- ♣ Sovepose evt. sengetøy, du får dyne og pute dersom du har med sengetøy .
Sengetøy (laken, putetrekk, dynetrekk) kan også leigast for kr. 120,-.
- ♣ Uteklær
- ♣ Byttetøy
- ♣ Handkle og toalettsaker
- ♣ Penger dersom du skal handle i kiosken, og litt pengar du kan bruke på auksjon lørdag kveld.
- ♣ Løyvelapp for kanopadling og medisin (Paracet/lbux)

Reise og opphald har de betalt for når de betalte for konfirmantåret.

Program på konfirmantleiren

På leiren skal me både ha undervisning, fritid og underhaldning. Me skal særleg arbeide med Egperla der alle får laga sine heilt egne t-skjorter. Me skal og byrje planlegging og øving til samtalegudstenesta me skal ha søndag 07.april kl. 19.00. Det er og satt opp fritid der ein kan velje aktivitet. Kanopadling, fotball, volleyball, kubbspel, brettspel i peisestova og andre kjekke ting.

Mobiltelefon

Mobiltelefonen kan vere ein positiv ting, men den kan også ha ein del negativt med seg. Den fangar oppmerksomheten vår og gjer at me ikkje får med oss det som skjer rundt oss. Difor ønskjer me oss ei mobilfri helg slik at me er saman me som er på leiren, ser kvarandre og har fokuset på det som skjer der.

Me legg opp til at alle leverar inn mobilane fredag etter kveldsmat.

Laurdag vert det mobiltid fra kl. 18.30-20.00

og søndag får de mobilen etter middag.

Dersom foreldra har behov for å få tak i konfirmanten utanom desse tidene, så ta kontakt med Mia eller Jostein.